



Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Sakshandsamar: Gunn Helen Henne
Telefon: 57643140
E-post: fmsfghe@fylkesmannen.no

Vår dato
19.01.2017
Dykkar dato
25.11.2015

Vår referanse
2015/4542- 542.1
Dykkar referanse

Sogn Aqua Juveniles AS
Pb. 483
5805 Bergen

Bakgrunn og forklaring til løyve for landbasert produksjon av kveiteyngel ved Sætre i Gulen kommune og varsel om sakshandsamingsgebyr

Fylkesmannen gjev løyve etter ureiningslova til Sogn Aqua Juveniles AS sitt anlegg ved Sætre. Løyvet gjeld landbasert akvakulturproduksjon med inntil 12 tonn årleg produsert biomasse av kveiteyngel, og hald av inntil 200 stamfisk. Løyvet med tilhøyrande vilkår følgjer med som vedlegg. Løyvet gjeld berre saman med løyve etter akvakulturlova. Risikoklasse for anlegget er sett til klasse 4. Gebyr for sakshandsaminga vert varsla til kr 19 700. Det er tre vekers klagefrist på vedtaket.

Vi viser til søknad frå Sogn Aqua Juveniles AS dagsett den 25.11.2015, oversend frå Sogn og Fjordane fylkeskommune den 23.12.2015, og seinare komplettert med kommunen si fråsegn den 15.04.2016. Søknaden gjeld nyetablering av landbasert akvakulturproduksjon med stamfisk og yngel av kveite ved Sætre. Vi er lei for at det har teke lang tid å handsame søknaden.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har gjeve løyve til verksemd etter ureiningslova på visse vilkår. Løyvet med tilhøyrande vilkår følgjer vedlagt dette oversendingsbrevet. Oversendingsbrevet omtalar bakgrunn for saka og søknadsprosessen. Det gjev nærare grunngjeving for vedtaket og enkelte vilkår, og må nyttast som tolking av nærare krav i enkelte av vilkåra. Merk at både vilkår og vedlegg til løyvedokumentet er ein del av dei juridiske krava til verksemda. Verksemda må leggje dokumenta til grunn for all dagleg drift som kan omfatte ytre miljø, og som viktig føring for utarbeiding og oppfølging av internkontroll. Vi ber om at vedlegget om "orientering til Fylkesmannen" blir returnert hit snarleg.

Vi gjer merksam på at utsleppsløyvet for akvakulturproduksjon berre kan takast i bruk dersom anlegget også har løyve etter akvakulturlova. Gjenpart av løyvet blir sendt til Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Saksframstilling

Kort omtale av saka

Sogn Aqua Juveniles AS har søkt om å få etablere eit nytt landbasert akvakulturanlegg som årleg skal produsere 2,5 millionar yngel av kveite. Storleiken til yngelen er på mellom 2-5 gram. Forventa årleg biomasseproduksjon av yngel vert inntil 12 tonn. I tillegg skal anlegget ha inntil 200 stk. stamfisk, som kan utgjere opptil 8 tonn biomasse. Total årleg biomasse har søkjar opplyst per telefon at ikkje vil bli over 20 tonn, truleg noko mindre.

Det er ikkje planlagt reinsing av avløpet før utslepp til Risnefjorden. Søknaden har ikkje rekna på forventa årlege utsleppsmengder. All aktivitet ved anlegget vert innandørs. Ferdig utbygd vil anlegget ligge delvis på utsprengt og planert område på land, og på utfylt areal i sjø.

Gulen kommune har 01.03.2016 ikkje merknader til søknaden, og viser til at området er avsett til akvakultur på land i arealdelen til kommuneplanen, og at det ikkje kom inn merknader frå ålmenta ved offentleg ettersyn av søknaden.

Miljøpåverknad, miljøtilstand og naturverdiar

Produksjonen i eit landbasert akvakulturanlegg kan påverke miljøet ved utslepp til vatn, støy, lys, lukt og ved at det blir generert avfall/ farleg avfall. Lagring av kjemikaliar og avfall/ farleg avfall kan medføre fare for akutte utslepp. Normalt sett er utsleppa til vatn rekna som den største potensielle ureiningsfaren. Eit utsleppsløyve for landbasert akvakulturproduksjon vil i hovudsak regulere utslepp av organisk stoff, næringsstoff (nitrogen og fosfor), kjemikaliebruk, avfallshandtering og støy.

Anlegget skal ligge ved Sætre på austsida av Risnefjorden i Gulen kommune. Risnefjorden har djupner på rundt 140 meter midtfjords utanfor anlegget, og vidare nordover er det ingen terskel ut mot Sognefjorden. Avløpsvatn frå anlegget skal sleppast ut på om lag 20 meters djup, ca. 50 meter frå dagens strandline.

Utsleppa går til vassførekomst Risnefjorden (ID-nr. 0280020200-C i Vann-Nett¹), som er karakterisert som ein ferskvasspåverka beskytta fjordvassførekomst. Ei samla tilstandsvurdering av Risnefjorden ut frå kjende påverknader og resipientdata, tyder på ein antatt god miljøtilstand i vassførekomsten sett under eitt. Risnefjorden er ikkje sett i risiko for at miljømåla etter vassforskrifta ikkje vert nådd i første planfase (2016-2021).

Straummålingar er utført på tre djup: 6, 10 og 15 meter (Sub Aqua Tech, målt i september/oktober 2015). Resultata viser relativt einsretta vasstransport nordover på alle djup, låg andel straumsvake periodar (1-3 %) og relativt sterk gjennomsnittleg straumfart (9, 7 og 6 cm/s). Det er gjort ei enkel miljøgransking med utgangspunkt i metodikk frå B-undersøkinga i Norsk Standard NS 9410 (Sub Aqua Tech, september 2015). Resultata viser at området rundt utsleppspunktet er prega av skrånande, hard botn med stein/fjell og lite primærsediment. Lenger ut, der botnen flatar ut, er det meir sand. Det vart også tatt ei prøve midtfjords, denne viser eit botnsubstrat av leire/sand. Ingen av prøveresultata tyder på dårleg miljøtilstand på botnen i dag.

Det har tidlegare (frå slutten av 70-talet) vore matfiskanlegg på lokalitetar både ved Sætre og ved Asheim like sør for Sætre, men desse har ikkje vore i drift på mange år, og er no sletta som akvakulturlokalitetar i Akvakulturregisteret. Tidlegare utsleppsløyve på desse lokalitetane har hatt merknader i høve til miljøtilhøva, og det vart gjennomført resipientgranskingar i 1994. På lokaliteten Asheim var det også gjort ei resipientgransking i 1999. Resultata av desse undersøkingane viste ein fattig botndyrfauna på stasjonane nær ved anlegga, og aukande belastning over tid, men ikkje opphoping av organisk materiale. Ute i fjorden var miljøtilhøva gode.

Det er ikkje registrert spesielle naturverdiar på anleggsområdet eller ved utsleppspunktet og nærområda rundt dette i sjøområda like utanfor, så vidt Fylkesmannen kjenner til. Karttenestene Fylkesatlas, Vann-Nett og Naturbase viser ikkje noko særskilt som etableringa kan ventast å påverke. Det må likevel nemnast at marint naturmangfald og marine naturtypar er generelt dårlegare kartlagt enn tilsvarande naturverdiar på land.

Sognefjorden med sidearmar er ein mogleg kandidat for marint vern, men etablering av omsøkt utslepp frå anlegget ved Sætre vil ikkje komme i nemnande konflikt med desse verneverdiane.

¹ <http://vann-nett.no/saksbehandler/>, søk på ID-nr eller namn.

Fylkesmannen sine vurderingar og grunngjeving for fastsette vilkår

Fylkesmannen avgjer saka etter ureiningslova, og som del av den vurderinga skal vi også ta omsyn til føringane i naturmangfaldlova og vassforskrifta. Ved avgjerda om å gje utsleppsløyve og ved fastsetjinga av vilkåra legg vi vekt på dei ureiningsmessige ulempene ved tiltaket sett opp mot fordelar og ulemper som tiltaket elles vil føre med seg, jf. ureiningslova § 11. Fylkesmannen legg vidare til grunn kva resultat ein kan oppnå ved å nytte beste tilgjengelege teknologi og teknikkar (BAT). Ved fastsetjinga av vilkåra for drifta er omsynet til det ytre miljøet ivareteke så langt vi har sett det er mogeleg.

Verksemda pliktar, uavhengig av om det er sett utsleppsgrenser, å halde alle utslepp på eit lågast mogeleg nivå, og å rydde opp i eventuell ureining eller forsøpling så snart som råd, jf. også dei generelle pliktene som følgjer av §§ 7 og 28 i ureiningslova.

I tillegg til avgjerda vår etter ureiningslova, gjev Fylkesmannen ei fråsegn til Sogn og Fjordane fylkeskommune om andre verknader for naturmangfald og friluftsliv innfor vårt sektoransvar, som eit fagleg innspel til deira avgjerd etter akvakulturlova. Fråsegna vert sendt til fylkeskommunen og søkjar som eit eige skriv.

Produksjonsforhold, drift og reinsekrav

Anlegget vert eit etter måten lite anlegg målt i biomasseproduksjon, samanlikna med andre settefiskanlegg og landbaserte akvakulturanlegg i fylket. Anlegget skal ligge på land, og vil såleis i utgangspunktet ha mogelegheit for å reinse avløpet før utslepp til sjø. Ut frå den relativt låge planlagde biomasseproduksjonen, antatt gode resipienttilhøve i fjorden, og kva krav som er sett til andre, tilsvarande små landanlegg dei siste åra, finn vi det likevel rett å ikkje krevje reinsing for dette utsleppet no. Vi gjer merksam på at dersom miljøverknaden av utsleppet viser seg å bli større enn det som Fylkesmannen legg til grunn her, eller det seinare vert aktuelt å søke om auka produksjon, kan det likevel bli sett krav om det.

Sjølv om det ikkje er sett reinsekrav, er det eit vilkår for løyvet at utsleppa skal reduserast mest mogleg, innanfor det som er rimeleg.

Ramma for løyvet regulerer utsleppa indirekte, gjennom å sette ei produksjonsgrense for yngel og for mengda stamfisk. Produksjonsramma er sett som total mengd biomasse produsert per år, altså inkludert all fisk som dør eller vert destruert undervegs i produksjonsperioden. Talet og individstorleiken til yngelen er av mindre interesse for utsleppa og miljøverknadene Fylkesmannen skal regulere, enn biomassen, men begge delar er likevel omtalt i løyvet. Ved ønskje om vesentlege endringar i drifta samanlikna med det driftsopplegget som søknaden har omtalt, skal Fylkesmannen varslast, slik at vi kan vurdere om det er trong for å endre løyvet.

Løyvet omfattar «vanlege» utslepp frå biologisk produksjon av fisk, dvs. ikkje slakting eller vidareforedling av fisk.

Produksjonsdata skal rapporterast årleg til Fylkesmannen, innan 1. mars. Frist og omfang av rapporteringa kan bli endra dersom det vert sett felles rapporteringskrav gjennom Altinn, eller om behovet for data om drifta endrar seg.

Verknad på resipient og menneske si helse

Miljøtilstanden i alt vatn skal i følge *forskrift om rammer for vannforvaltningen* (vassforskrifta) oppretthaldast på eit godt nivå, og vernast mot forringing. Ny påverknad i form av nye eller auka

utslepp kan i hovudsak berre skje dersom vassførekomstane ikkje får redusert sin økologiske miljøtilstand. Vassforskrifta er førande for Fylkesmannen sine vurderingar av om nye eller endra løyve etter ureiningslova for verksemd med utslepp til vatn kan gjevast, og for enkelte av vilkåra som vert sette i utsleppsløyva.

Miljøgranskinga som er gjort i utsleppsområdet tyder ikkje på at det er redusert miljøtilstand i dette området. Miljøtilstanden i resipienten elles er tilfredsstillande ut frå det kunnskapsgrunnlaget som ligg føre. Søknaden opplyser at det vil bli brukt ulike typar kjemikaliar i nokre fasar av produksjonen og noko leire i oppdrettskara for å redusere sikta i vatnet, men ikkje kor store mengder dette samla sett utgjør. Med dei straumtilhøva som er målt, er det likevel grunn til å tru at utsleppa blir tilstrekkeleg spreidd ved utsleppspunktet. Fylkesmannen vurderer at det ikkje er grunn til å vente nemnande miljøpåverknad av utsleppa til sjø.

Vi gjev difor løyve til etableringa av anlegget, ettersom det er sannsynleggjort at miljøet vil tole utsleppa. Verksemda må likevel dokumentere at resipienten toler utsleppa frå produksjonen over tid. Sjå nedanfor om *Miljøtilstand og overvaking*.

I tillegg til resipientvurderingar, er det eit viktig prinsipp i vår sakshandsaming at beste tilgjengelege teknikkar/ teknologi skal takast i bruk for å førebyggje ureining og andre negative miljøpåverknader. Teknikkar tyder her både teknologien som vert nytta, og korleis installasjonar er utforma og bygde, styrte, drifta, haldne ved like og oppgraderte/vidareutvikla. Det er med bakgrunn i dette stilt ei rekkje krav (vilkår for løyvet) som gjeld drifta ved anlegget. Vilkår gjev føringar for arbeidet med viktige ureinings- eller avfallsreduserande tiltak. Merk at krava ikkje gjev føringar om å nytte spesifikke tekniske løysingar, men at verksemda skal nytte det som til ei kvar tid er best tilgjengelege teknologi (BAT). Fleire ulike løysingar kan vere BAT. Kva løysingar som skal nyttast, vert det difor i hovudsak opp til verksemda sjølv å avgjere. Føremålet med å setje vilkår for løyvet er å mest mogeleg hindre, minimalisere og førebyggje skade og ulempe for miljøet som følgje av aktiviteten til verksemda. Utsleppa skal ikkje på nokon vesentleg måte endre naturtilstanden i miljøet i vatn eller på land.

Anlegget skal utformast og drivast slik at det ikkje oppstår urimelege lukt- og støyplager for omgivnaden, jf. vilkår 5 og 6. Det er ikkje venta at verksemda vil sleppe ut lukt eller støy over sette grenseverdier.

Fylkesmannen si vurdering er at dei samla miljø- og helsemessige konsekvensane av å tillate ei etablering av landbasert akvakulturproduksjon på lokaliteten Sætre, med dei vilkåra som er sette, vil vere akseptable.

Miljøtilstand og overvaking

Verksemda pliktar å skaffe så godt oversyn som praktisk mogeleg over eigne utslepp, og verknadene av utsleppa (vilkår 11). Verksemda må etablere eit overvåkingsprogram som vedvarande dokumenterer at utslepp frå ordinær drift på lokaliteten vil vere forsvarleg. Miljøovervåkingsnivået skal vere risikobasert og grunnleggjast i internkontrollen ut frå utsleppsmengder og kunnskapen ein har om miljøtilstanden i resipienten. Det må vere eit klårt fokus på at granskningane har som formål å dokumentere miljøeffektar av utsleppa frå anlegget, utstrekninga til effektane, og i den grad det er mogeleg også utviklingstrendar. Fylkesmannen har ikkje sett spesielle minstekrav til miljøovervakinga no, verken typar undersøkingar eller frekvens for undersøkingar. Miljøtilstanden i resipienten skal uansett oppretthaldast på eit tilfredsstillande nivå.

Avfall

Avfall skal handterast på forsvarleg måte slik at det ikkje oppstår fare for ureining eller kan verke skjemmande. Alt avfall som verksemda sjølv ikkje kan utnytte eller gjenbruke skal leverast vidare til godkjent mottak. Det er berre Fylkesmannen eller Miljødirektoratet som kan godkjenne nærare kven som kan ta imot avfall. Nokre sentrale krav er presiserte i vilkår 8, men det vert streka under at både ureiningslova og avfallsforskrifta (jf. spesielt kap. 11 om farleg avfall) set fleire krav til avfallshandteringa enn det som er omtalt her.

Tvilsspørsmål må takast opp med Fylkesmannen. Dumping av død fisk eller anna avfall i sjø, nedgraving på land eller brenning av avfall er ikkje tillate.

Naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova inneheld ei rekkje miljøfaglege prinsipp (§§ 8-12) som skal synleggjerast og leggjast til grunn ved all offentleg sakshandsaming:

- § 8 om kunnskapsgrunnlaget
- § 9 om føre-var-prinsippet
- § 10 om økosystemtilnærming og samla belastning
- § 11 om tiltakshavar betaler
- § 12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar

Utsleppsløyvet etter ureiningslova regulerer ureining i form av utslepp til miljøet, og omfattar utslepp av næringsstoff, organisk stoff og kjemikaliar/legemidlar osb. I tillegg til dette kan eventuelle «biologiske utslepp» i form av til dømes parasittar og rømt fisk, ha potensiale for belastning på naturlege økosystem både nær ved og langt frå akvakulturanlegg. Slike biologiske verknader er per i dag ikkje lagt vekt på i vår vurdering, då dette vert regulert av andre sektorstyresmakter. Etablering og drift av akvakulturanlegg kan også få verknad på til dømes rovfugl, sjøfugl, pattedyr og andre marine artar og naturtypar, og for utøving av friluftsliv. Avgjerd i høve til slike natur- og miljøkonfliktar vert gjort i fylkeskommunen sitt vedtak etter akvakulturlova.

Vår vurdering under i høve til naturmangfaldlova gjeld dermed berre ureininga/utsleppa frå anlegget som utsleppsløyvet regulerer, og er såleis ikkje ei heilskapleg vurdering av alle miljøpåverknader av drifta:

Kunnskapsgrunnlaget og føre-var-prinsippet: Ei enkel miljøgransking og straummålingar er gjennomført i samband med søknaden, og Fylkesmannen har også eldre resipientdata frå vassførekomsten. Marint naturmangfald og eventuelle viktige marine naturtypar er ikkje kartlagt spesielt i dette området. Vi ser likevel kunnskapsgrunnlaget som godt nok til å kunne vurdere faren for ureiningsverknader av dei utsleppa det er søkt om. Vi forventar ikkje at etablering av eit akvakulturanlegg på land ved Sætre vil gje vesentleg dårlegare miljøtilstand i sjøen utanfor, eller at eventuelle viktige naturverdiar i nærområdet til anlegget skal bli vesentleg påverka, med dei vilkåra vi har sett. Miljøeffekten av utsleppa til vatn frå anlegget skal overvakast. Vi har ikkje grunn til å tru at irreversible skader på miljøet vil oppstå, eller at vassførekomsten Risnefjorden sin miljøtilstand skal bli endra.

Anlegget må, sjølv om dei har utsleppsløyve, uansett ta nødvendige omsyn til marine økosystem og enkeltartar som dei kan påverke. Dette gjeld aktivitetar som til dømes utlegging/ flytting av leidningar som fysisk kan skade marint liv og naturtypar, utslepp av kjemikaliar/legemiddel som kan skade marint liv, utslepp som direkte eller indirekte kan gje nedslamming av naturtypar som ålegras-, korall- eller svampområde, og anna aktivitet som kan gje skade. Dersom det vert påvist/mistenkt at

aktivitetar ved eller utslepp frå anlegget har meir negativ verknad på viktige marine artar eller naturtypar enn ein trudde på førehand, vil det kunne bli sett nye vilkår til løyvet for å hindre/minske dette.

Økosystemtilnærming og samla belastning: Det er sett vilkår om miljøovervaking som jamleg skal granske påverknaden på nærområda. Anlegget har krav om å oppretthalde ein god miljøtilstand, og pliktar såleis å innrette drifta etter resultatata frå miljøgranskingane. Dersom den samla belastninga på miljøet vert for stor, må produksjonen reduserast, eller utsleppsreducerande tiltak innførast.

Tiltakshavar betaler, og krav om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar: Det er sett vilkår om at drifta må skje utan unødvendig ureining til luft, vatn og grunn, og med «beste tilgjengelege teknikkar». Det vil seie at anlegget er pliktig til å drive så miljøvenleg som råd, innanfor rimelege grenser.

Konklusjon

På bakgrunn av søknaden og etter ei vurdering innanfor Fylkesmannen sitt sektoransvar av miljømessige, tekniske og økonomiske forhold, har vi kome til at det kan gjevast løyve etter ureiningslova til landbasert akvakulturproduksjon ved Sætre, på nærare spesifiserte vilkår. Vi har lagt vekt på at det skal nyttast best tilgjengeleg teknologi, og at det er lite truleg at miljøtilstanden i nærområdet vil verte påverka.

Løyvedokumentet (utsleppskonsesjonen) vert sendt saman med dette skrivet. Dei juridiske krava som elles ikkje går fram av lov- og forskriftsverket, eller som er presiserte eller innskjerpa i høve til det generelle regelverket, er samla i løyvedokumentet.

Varsel om gebyrbetaling

Ureiningsforskrifta kapittel 39 inneheld gjeldande regelverk for innkrevjing av gebyr for Fylkesmannen sitt arbeid med løyve etter ureiningslova og oppfølging av dette (tilsyn). Søknaden om nytt utsleppsløyve er løyvearbeid etter ureiningslova som det skal betalast gebyr for. Ressursbruken knytt til saksbehandlinga er lagt til grunn ved valet av gebyrsatsen.

Gebyrsatsane i forskrifta er endra frå 01.01.2017. Ettersom aktuell sats i 2017 utgjer eit litt lågare beløp enn i 2015/2016 (pga. ei ny oppdeling i «steg» mellom satsane), bruker vi no gebyrbeløpet ved tidspunktet for vårt vedtak, altså 2017, og ikkje ved søknadstidspunktet, som har vore vanleg praksis hjå oss tidlegare.

På grunnlag av arbeidsmengda som søknaden om nytt løyve om etablering av akvakultur-anlegg ved Sætre medfører for Fylkesmannen, varslar vi at gebyret vil bli fastsett til sats 6, jf. ureiningsforskrifta § 39-3, jf. § 39-4. Det vil seie at det skal betalast eit gebyr på kr 19 700.

De har høve til å komme med merknader til varselet om gebyr. Dersom vi ikkje mottek merknader innan tre veker, vert det gjort vedtak i samsvar med varselet.

Risikoklasse

Anlegget ved Sætre er ut frå ei samla vurdering av risikopotensialet ved denne typen verksemdar, og opplysningane som ligg føre om utsleppa, utsleppsstaden og miljøtilstanden i resipienten, plassert i risikoklasse 4, jf. § 39-3 i ureiningsforskrifta.

Risikoklassen er eit uttrykk for ureiningspotensialet som ligg føre, og den er gradert frå 1 til 4, der 1 er høgaste risiko. Plasseringa i risikoklasse gjev føringar for den rutinemessige formelle kontakten mellom Fylkesmannen og verksemda framover. Klassifiseringa har m.a. innverknad på kor ofte Fylkesmannen er venta å gjennomføre tilsyn med verksemda.

Generelle føresetnader for løyvet og informasjon om regelverket

Internkontroll

Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerheitsarbeid (internkontrollforskrifta) er eit felles regelverk for tilsynsetatane kjende som HMS-etatane (helse – miljø – sikkerheit). Regelverket og korleis ein generelt må arbeide for å stette krava, er nærare omtalt på www.regelhjelp.no. Krava om tiltak for «ytre miljø» (tiltak for vern mot ureining og ei betre handtering av avfall) gjeld alle verksemdar som har minst ein tilsett. Plikta til internkontroll som gjeld det ytre miljøet er difor presisert i vilkåra. Forskrifta omtalar kva for oppfølging av krav som må dokumenterast skriftleg, og korleis ein bør organisere arbeidet.

Andre viktige miljølovkrav

I tillegg til dei krava som følgjer av løyvet, pliktar verksemda å følgje krava i ureiningslova og produktkontrolllova, og forskriftene som er heimla i desse lovene. Nokre av desse lovkrava er nærare omtalte eller presiserte i løyvet. Viktig regelverk som gjeld generelt for dykkar bransje, vil de finne på www.regelhjelp.no og www.lovdatabasen.no.

Endring eller tilbakekalling av løyvet

Fylkesmannen kan gjere endringar i dette løyvet med heimel i § 18 i ureiningslova. Endringar skal vere grunna på skriftleg saksbehandling og ei forsvarleg utgreiing av saka. Ein eventuell endringssøknad må difor liggje føre i god tid før endring kan gjennomførast.

Tilsyn

Verksemda pliktar å la representantar for ureiningsstyresmaktene eller den som desse gjev fullmakt, få inspisere anlegget til ei kvar tid jf. ureiningslova kap. 7.

Tvangsmulkt, straff

Brot på løyvet er straffbart etter ureiningslova §§ 78 og 79. Også brot på krav som følgjer direkte av ureiningslova og produktkontrolllova, samt forskrifter fastsette i medhald av desse lovene, er straffbart.

Brot på ureiningsregelverket er som hovudregel underlagt offentleg påtale.

Ureiningsstyresmakta vil likevel til vanleg krevje straff for alvorlege eller gjentekne brot på regelverket. For andre brot på regelverket – og som verksemda ikkje straks/innan rimeleg tid rettar opp, kan Fylkesmannen gje pålegg om igangsetjing av tiltak, jf. ureiningslova § 7, siste ledd. Dersom pålegget ikkje vert følgt opp vil til vanleg Fylkesmannen gjere vedtak om tvangsmulkt til staten jf. § 73. Hastar det å gjennomføre nødvendig tiltak kan Fylkesmannen også syte for igangsetjing av tiltak for den ansvarlege si rekning, jf. ureiningslova § 74.

Erstatningsansvar

Eit løyve etter ureiningslova avgrensar ikkje på nokon måte andre, privatrettslege nærings- eller grunneigarrettar som nokon måtte ha i omsøkt område. Eventuell etablering og oppstart av omsøkt produksjon bør difor berre skje dersom søkjar elles har sikra at det ikkje er konflikt med andre private rettar.

At ureininga er tillaten, frittek ikkje verksemda frå eventuelle erstatningsansvar for skade, ulemper eller tap som følgje av ureininga, jf. ureiningslova § 10 og kap 8 (spesielt § 56), samt grannelova §§ 6, 7 og 8.

Klagerett

Fylkesmannen sitt vedtak, herunder fastsetjing av risikoklasse eller vilkår i løyvet, kan klagast på til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Klagefristen er på tre veker, og tek først til å gjelde etter at avgjerda frå fylkeskommunen i høve til akvakulturlova er klar.

Ein eventuell klage skal oppgje nærare kva det vert klaga på og den eller dei endringane som ein ønskjer. Klagen bør grunngjevast, og andre opplysningar som har noko å seie for saka bør nemnast. Klagen skal sendast til Fylkesmannen, med kopi til Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Ein eventuell klage fører ikkje automatisk til at gjennomføringa av vedtaka vert utsett. Fylkesmannen eller Miljødirektoratet kan etter oppmoding eller av eige initiativ avgjere at vedtak ikkje skal gjennomførast før klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Avgjerda av spørsmålet om gjennomføring kan ikkje påklagast.

Offentleggjering av løyvet

Vedtaket skal gjerast offentleg kjent, jf. § 36-11 i ureiningsforskrifta; kapittel 36 om *behandling av tillatelser etter forurensningsloven*. Vedtaket vil bli kunngjort på Fylkesmannen sine nettsider, www.fylkesmannen.no/Sogn-og-Fjordane/.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal
fylkesmiljøvernssjef

Gunn Helen Henne
senioringeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har difor ikkje underskrift.

Vedlegg:

- 1 Sogn Aqua Juveniles AS - Løyvedokument lok. Sætre - landbasert oppdrett
- 2 Skjema «Orientering til Fylkesmannen...»
(utfylt skjema skal sendast i retur til Fylkesmannen)

Kopi til:

Sogn og Fjordane fylkeskommune (EDU)
Gulen kommune (EDU)
Fiskeridirektoratet, Region vest (e-post)
Mattilsynet, avd. Bergen og omland (e-post)



Løyve etter ureiningslova til anlegg for landbasert akvakulturproduksjon på lok. Sætre – Sogn Aqua Juveniles AS

Løyvet er gitt i medhald av *lov om vern mot forurensningar og om avfall* av 13. mars 1981 nr. 6, § 11 jf. § 16.

Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar i søknad dagsett 25.11.2015, samt opplysningar framkome under behandlinga av søknaden.

Verksemddata

Akvakulturlokalitet ¹	Sætre (ikkje tildelt lokalitetsnummer enno)		
Produksjonsramme	<ul style="list-style-type: none">• 12 tonn/år, landbasert produksjon av kveiteyngel• hald av 200 stamfisk, inntil 8 tonn biomasse		
Kommune og fylke	Gulen i Sogn og Fjordane		
Gards- og bruksnr., besøksadresse	119/3/1, Sognevegen 3960		
Verksemd	Sogn Aqua Juveniles AS		
Postadresse	Pb. 483, 5805 Bergen		
Org. nummer	916 126 190 (føretaksnr.)	816 228 352 (bedriftsnr.)	
NACE-kode	03.212 Produksjon av yngel og settefisk i hav- og kystbasert fiskeoppdrett		

Fylkesmannen sine referansar

Arkivkode	Anleggsnummer	Løyvenummer	Bransje	Risikoklasse
15/4542 – 542.1	1411.xxxx.xx (ikkje tildelt enno)	2017.xxxx.T (ikkje tildelt enno)	Akvakultur	4
Kartreferanse (UTM 32, EUREF89)	Kartblad (32V)	Vassdragsnr. (REGINE)	Vassførekomst (Vann-nett-ID)	Vassområde
310505 6770690	1217-3 Vadheim	069.32	0280020200-C Risnefjorden	Ytre Sogn

Løyve er gitt: 19.01.2017		
Nils Erling Yndesdal fylkesmiljøvernsjef		Gunn Helen Henne senioringeniør

Løyvet er godkjent elektronisk og har difor ikkje underskrift.

¹ Jf. akvakulturregisteret, <http://www.fiskeridir.no/register/akvareg/>

Innhald

0. Føresetnader	3
1. Produksjonsforhold	3
2. Generelle vilkår	3
2.1. Avgrensing av utslepp	3
2.2. Plikt til å halde grenseverdiar	3
2.3. Plikt til å redusere ureining så langt som råd	4
2.4. Beste tilgjengelege teknologiar og teknikkar (BAT-tiltak)	4
2.5. Internkontroll og HMS-dokumentasjon for ytre miljø	4
2.6. Tiltak ved auka ureiningsfare eller unormale driftsforhold	5
2.7. Nærmiljø	5
3. Utslepp til vatn	6
3.1. Utsleppsmengder	6
3.2. Utsleppsreducerande tiltak	6
3.2.1. Vassforbruk/avløpsmengd	6
3.2.2. Fôring	6
3.3. Utsleppstad	6
3.4. Overflatevatn	6
4. Ureina grunn og sediment	6
5. Utslepp til luft	7
6. Støy	7
6.1. Utsleppsgrenser	7
6.2. Dokumentasjon på støynivå	8
7. Kjemikal	8
8. Avfall	8
8.1. Generelle krav	8
8.2. Organisk produksjonsavfall	9
8.3. Medisin og kjemikalrestar	9
9. Beredskap mot akutt ureining	9
10. Miljøtilstand og overvaking av resipienten	9
10.1. Krav til miljøtilstand	9
10.2. Krav til overvaking	10
10.3. Rapportering til Fylkesmannen	10
11. Tilsyn	10
12. Større endringar	11
12.1. Endringar og utskifting av utstyr	11
12.2. Eigarskifte	11
12.3. Nedlegging eller lengre driftsstans	11
VEDLEGG 1	
Liste over prioriterte stoff, jf. punkt 2.1	12
VEDLEGG 2	
Definisjonar	13

0. Føresetnader

Løyvet etter ureiningslova til akvakulturproduksjon gjeld berre saman med løyve etter akvakulturlova frå fylkeskommunen, og kan først takast i bruk når dette også er på plass. Dersom løyve etter akvakulturlova på eit seinare tidspunkt fell bort, vil heller ikkje løyvet etter ureiningslova gjelde lenger.

Løyvet gjeld berre saman med dei vilkåra som er gitt i dette dokumentet. Vilråra er særskilde juridiske krav til verksemda. Utfyllande kommentar til enkelte av vilkåra står i oversendingsbrevet, og dokumenta må lesast i samanheng med kvarandre. Nokre viktige omgrep er nærare forklart i vedlegg.

Verksemda må på førehand avklare med Fylkesmannen dersom de ønskjer å gjere endringar i drift, utslepp med meir, og desse endringane kan ha noko å seie for miljøet eller utforming av vilkåra. Dersom verksemda ynskjer å gjere slike endringar i høve til opplysningar som er gitt i søknaden eller under saksbehandlinga, må dette avklarast skriftleg med Fylkesmannen på førehand.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er tatt i bruk innan 4 år etter at løyvet er gitt, skal verksemda sende Fylkesmannen ei utgreiing slik at vi kan vurdere eventuelle endringar, tilbaketrekking eller utferding av nytt løyve.

1. Produksjonsforhold

Løyvet gjeld ureining frå landbasert akvakulturproduksjon av yngel og stamfisk av kveite i landbasert akvakulturanlegg på lokaliteten Sætre i Gulen kommune. Løyvet gjeld for ein produksjon på **inntil 12 tonn biomasse av kveiteyngel per år**. Dette tilsvarer om lag 2,5 millionar yngel med snittvekt opp til 5 gram. I tillegg kan det haldast **inntil 200 stamfisk, med ein biomasse på inntil 8 tonn**.

Ved endringar i høve til dette skal verksemda søke om endring av løyvet.

2. Generelle vilkår

2.1. Avgrensing av utslepp

Utsleppskomponentar frå verksemda som er vurdert å ha størst effekt på miljøet, er uttrykkeleg omtalt eller regulert i vilkåra i dette løyvet. Løyvet tillet utslepp inntil fastsette grenseverdiar, midlingstider eller normverdiar, så lenge utsleppet ikkje vert vurdert å vere unødvendig i høve til nødvendig aktivitet. Dette gjeld likevel ikkje utslepp av prioriterte miljøgifter oppført i vedlegg 1. Utslepp av slike komponentar er berre tillate dersom dette går tydeleg fram av vilkåra i løyvet, eller dei er så små at dei må sjåast på som uvesentlege for miljøet.

Utslepp som ikkje er uttrykkeleg regulert på denne måten, er omfatta av løyvet så langt opplysningar om slike utslepp vart lagt fram i samband med sakshandsaminga, eller på annan måte må sjåast på å ha vore kjend når dette løyvet vart vedteke.

2.2. Plikt til å halde grenseverdiar

Alle grenseverdiar skal haldast innafor dei fastsette midlingstidene. Variasjonar i utsleppa innafor dei fastsette midlingstidene skal ikkje avvike frå kva som følgjer av normal drift på ein slik måte at dei kan føre til auka skade eller ulempe for miljøet.

2.3. Plikt til å redusere ureining så langt som råd

Alle ureining frå verksemda, herunder utslepp til luft og vatn, støy og avfall, er isolert sett uønskt. Verksemda må arbeide kontinuerleg for å hindre at ureining oppstår eller aukar, for å avgrense ureining og for ei best mogeleg avfallshandtering. Jamvel om utsleppa vert haldne innafor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere sine utslepp så langt dette er mogeleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også utslepp av komponentar det ikkje er sett spesifikke grenser for.

2.4. Beste tilgjengelege teknologiar og teknikkar (BAT-tiltak)

Verksemda pliktar å redusere sine utslepp, så langt dette er teknisk mogeleg, med best tilgjengeleg teknologi. For å unngå eller avgrense ureining og avfallsproblem, skal de nytte den teknologien som ut frå ei samla vurdering – også av økonomiske tilhøve, gir dei beste resultatata for noverande og framtidig tilstand i miljøet.

Verksemda bør som del av sin internkontroll halde seg oppdatert på kva som til ei kvar tid vert rekna som beste tilgjengelege teknologi for bransjen².

2.5. Internkontroll og HMS-dokumentasjon for ytre miljø

Verksemda skal gjennomføre ein miljørisikoanalyse³ av aktiviteten sin. Analysen skal omtale alle forhold ved verksemda som kan medføre fare for ureining eller avfallsproblem inne på verksemda sitt område eller utanfor. Ved modifikasjonar og endra produksjonsforhold skal miljørisikoanalysen oppdaterast. Med grunnlag i analysen skal verksemda vurdere risiko og fastlegge akseptabel risiko for det ytre miljøet. Fylkesmannen kan overprøve verksemda sine vurderingar og konklusjonar.

Verksemda sin internkontroll⁴ for ytre miljø skal vere bygt opp etter resultat frå risikovurderingane, krav i dette løyvet og andre relevante krav etter ureiningsregelverket. Internkontrollen skal vere dokumentert og etterprøvbar i samsvar med dokumentasjonskrava i gjeldande forskrift. Oppdatert dokumentasjon skal bidra til å sikre at verksemda til ei kvar tid stetter krava i dette løyvet, ureiningslova, produktkontrolllova og dei relevante forskriftene til desse lovene.

For gjentekne, uønskete hendingar skal verksemda ha eit dokumentert system for registrering og eiga oppfølging. Plikta gjeld både for interne meldingar og melding/klage frå andre. Verksemda skal gje ei vurdering av årsak til hending, og omtale tiltak som er sett i verk eller som er planlagt for å motverke og avgrense verknadar og hindre gjentaking.

Verksemda skal ha oversikt over dei miljøressursane (sjå vedlegg 2) som kan bli truga av akutt ureining og dei helse- og miljøkonsekvensane slik ureining kan føre med seg.

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogeleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal verksemda syte for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan ha noko å seie negativt for miljøet ved utslepp. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumentert.

² Omgrepet beste tilgjengelege teknologi/ BAT ("best available techniques") og krav til slik teknologi er i utgangspunktet knytt til EU sitt industriutsleppsdirektiv (IED-direktivet, *directive 2010/75/EU on industrial emissions (integrated pollution prevention and control)*), som akvakultur per i dag ikkje er omfatta av. Ureiningslova § 2, 1. ledd pkt. 3 viser til liknande generell retningsline på ureiningsområdet som vil gjelde alle verksemdar: "For å unngå og begrense forurensning og avfallsproblemer skal det tas utgangspunkt i den teknologi som ut fra en samlet vurdering av nåværende og framtidig bruk av miljøet og av økonomiske forhold, gir de beste resultater." BAT-dokumentasjon for akvakultur ligg føre frå Nordisk Ministerråd i rapporten TemaNord 2013:529, *Bat for fiskeopdræt i Norden*, www.norden.org/no/publikasjoner/publikasjoner/2013-529

³ Framgangsmåten bør følge NS 5814:2008 *Krav til risikovurdering* (eller seinare utgåve)

⁴ Jf. *forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter* av 06.12.1996 nr. 1127 (internkontrollforskrifta)

Verksemnda skal syte for at personell har relevant kompetanse om dei faktorane som påverkar utsleppsforholda (lukt, støy, utslepp til vatn, m.m.) ved anlegget/produksjonen.

Verksemnda skal før akvakulturproduksjon vert starta opp, returnere utfylt skjema til Fylkesmannen (jf. vedlegg «orientering til Fylkesmannen»). Endringar i opplysningane i skjemaet skal straks meldast til Fylkesmannen ved innsending av nytt skjema⁵ eller på e-post til fmsfpost@fylkesmannen.no

2.6. Tiltak ved auka ureiningsfare eller unormale driftsforhold

Dersom det som følgje av unormale driftsforhold eller av andre grunnar oppstår fare for auka ureining eller manglande avfallshandtering, pliktar verksemnda å setje i verk dei tiltaka som er nødvendige for å fjerne eller redusere den auka faren, også om nødvendig å redusere eller innstille drifta.

Verksemnda skal straks informere⁶ Fylkesmannen og nabolag

- når det oppstår unormale driftsforhold som kan gje synleg/merkbar ureining på anleggsområdet, i strandsona, i sjøen eller elles i anlegget sitt nærområde,
- når det er aktivitet som mellombels kan føre til at utslepp til omgjevningane av støy, støv eller lukt er høgare enn normalt,
- i situasjonar der utstyr, maskinar eller andre kritiske installasjonar for vern mot utslepp sviktar,
- når avfall vert lagra over lenger tid eller på annan måte enn normalt.

2.7. Nærmiljø

Verksemnda skal utarbeide driftsrutinar som sikrar at nærmiljøulempene som følgje av drifta (utslepp til vatn og luft, lukt, støy, støv, skadedyr, framande artar (sjå vedlegg 2), og innsyn m.m.) vert reduserte til eit minimum. Som nærmiljøet til verksemnda reknast folk, tamme og ville dyr, fuglar, planter og anna liv på land og i vatn, samt spesielle natur- og landskapselement som måtte finnast nær ved anlegget.

Det skal utarbeidast program for å hindre skadedyr eller etablering av framande, skadelege artar. Framande artar i kategoriane med høgast risiko (SE, HI og PH, sjå vedlegg 2) skal ikkje finnast på verksemdområdet eller areal i rimeleg nærleik.

Alt av innsatsstoff, kjemikal, medisin, produkt, avfall, m.m. som kan utgjere ein ureiningsfare ved anlegget, eller på annan måte vere ein fare eller ulempe for miljøet, skal lagrast forsvarleg og vere sikra mot tilgjenge frå uvedkomande. Sikringa kan m.a. vere tilstrekkeleg inngjerding/ innebygging, låsbar container eller tett lagertank.

Alle lagertankar for flytande tilsatsstoff, innsatskjemikal eller avfall som kan utgjere ein ureiningsfare eller på annan måte vere ein fare eller ulempe for miljøet skal sikrast mot overfylling og lekkasje. Dersom tankvolumet har større kapasitet enn 1 000 liter skal sikringa minst ha oppsamlingsvolum tilsvarande kapasiteten på tanken pluss 10 % av lagervolumet. Fleire tankar kan sikrast med felles oppsamlingsvolum (største tank pluss 10 %).

For lagring av petroleumsprodukt, farlege kjemikal eller farleg avfall i tank som ikkje er nedgraven, gjeld elles krava til tanklagring i kapittel 18 i ureiningsforskrifta.

⁵ Skjemaet ligg ute på våre nettsider www.fylkesmannen.no/Sogn-og-Fjordane/

⁶ Merk at verksemnda også har varslingsplikt etter forskrift om varsling av akutt ureining eller fare for akutt ureining av 09.07.1992, nr. 1269.

3. Utslepp til vatn

Drifta skal vere innretta slik at det ikkje skjer utslepp til grunn eller vatn som kan medføre nemneverdige skader eller ulemper for miljøet ut over det som vert tillate i dette løyvet.

3.1. Utsleppsmengder

Utsleppa til vatn skal reduserast i så stor grad som teknisk og økonomisk mogeleg. Der utsleppa er proporsjonale med produksjonsmengda, skal eventuelt redusert produksjonsnivå i høve til produksjonsramma medføre ein tilsvarende reduksjon i dei årlege utsleppa.

Det er ikkje sett direkte utsleppsgrenser for utsleppa til vatn av verken organiske utslepp eller kjemikal og legemidlar m.m. frå produksjonen.

For utslepp av ev. oljehaldig avløpsvatn til sjø skal oljeinnhaldet vere under 50 mg/l.

3.2. Utsleppsreducerande tiltak

3.2.1. Vassforbruk/avløpsmengd

Forbruket av vatn i anlegget skal i så stor grad som teknisk og økonomisk mogeleg tilpassast anlegget sitt faktiske behov i produksjonen, og ei god spreiring av avfallsstoff i utsleppet.

Mengd avløpsvatn som vert sleppt til sjø skal målast eller bereknast.

3.2.2. Fôring

Ved fôring av fisken skal tap og spill av fôr reduserast mest mogeleg.

3.3 Utsleppstad

Avløpsvatnet skal førast til resipienten i Risnefjorden på ei djupne og på ein slik måte at innblanding i vassmassane vert best mogeleg. Ved plassering av utsleppspunkt må det takast omsyn til botn- og straumtilhøva for å sikre minst mogeleg negative effektar både ved utsleppsstaden og elles i resipienten. Ureina vatn skal ikkje bli ført attende til strandsona.

Fylkesmannen skal haldast informert om posisjon og djupne for utsleppspunkt.

3.4 Overflatevatn

Avrenning av overflatevatn frå verksemda sine uteareal skal handterast slik at det ikkje medfører skade eller ulempe for miljøet.

4. Ureina grunn og sediment

Verksemda skal vere innretta slik at det ikkje finn stad utslepp til grunnen som kan medføre nemneverdig skade eller ulempe for miljøet.

Verksemda pliktar å ha oversikt over eventuell eksisterande ureina grunn på verksemda sitt område, og eventuell ureina sediment i sjøområda utanfor. Dette omfattar også å ha oversikt over faren for spreiring, og vurdere behov for undersøkingar eller tiltak. Dersom undersøkingar eller andre tiltak er nødvendige, skal Fylkesmannen varslast om dette.

Utfylling, graving, mudring eller andre tiltak som kan påverke ureina grunn eller ureina sediment, treng eige løyve etter ureiningslova frå Fylkesmannen, eventuelt godkjenning frå kommunen⁷.

5. Utslepp til luft

Lukt- og andre diffuse utslepp frå produksjons- og lagerområde m.m. som kan medføre skade eller ulempe for miljøet, skal avgrensast så langt mogeleg med best tilgjengeleg teknologi. Verksemda skal ha oversikt over kjelder og vurdere behov for tiltak og eventuelt effekt avgjennomførte tiltak.

Alle aktivitetar ved anlegget skal gå føre seg på ein slik måte at det ikkje fører til nemnande luktulempar utanfor verksemda sitt område. Dette omfattar til dømes fôrlagring, reingjering og tørking av utstyr, lagring og handtering av avfall og andre aktivitetar.

6. Støy

Verksemda skal ha oversikt over alle utslepp av støy til miljøet. Oversikta skal omfatte både støy frå eigen aktivitet, og støy frå annan aktivitet som er nødvendig for aktivitet ved verksemda. Jamvel om verksemda held seg innafor grenseverdiane, har ein likevel plikt til å redusere støy mest mogeleg med hjelp av best tilgjengeleg teknologi.

Aktivitetar som medfører fare for spesiell støy, bør i størst mogeleg grad gjennomførast innanfor vanleg arbeidstid, dvs. måndag til fredag kl. 7-16. Planlagt støyande aktivitet utanom dette skal varslast til Fylkesmannen og nabolag, jf. pkt. 2.6.

6.1. Utsleppsgrenser

Verksemda sine bidrag til utandørs støy for kvart driftsdøgn ved nærliggande og eksisterande bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar, barnehagar og rekreasjonsområde skal ikkje overskride grensene i tabell 1, målt eller utrekna som frittfeltverdi ved mest støyutsette fasade:

Tabell 1. Støygrenser.

Kvardagar	Laurdag	Sun- og heilagdag	Kveld (1900 – 2300), kvardag	Natt * (2300 – 0700), alle døgn	Natt (2300 – 0700), alle døgn
55 dB (A) L_{den}	50 dB (A) L_{den}	45 dB (A) L_{den}	50 dB (A) $L_{evening}$	45 dB (A) L_{night}	60 dB (A) L_{AFmax}

* For nattperioden skal støyen midlast over faktisk driftstid, inntil 8 timar.

For rekreasjonsområde som må sjåast på som stille område skal støy ikkje overstige 40 dB(A) utrekna som L_{den} midla over døgnet.

Dersom reintonelyd eller impulslyd opptre med i gjennomsnitt meir enn 10 hendingar per time, skal grenseverdien for ekvivalentnivået reduserast med 5 dB, i høve til verdiane gitt i støykrava over.

Alle støygrenser skal haldast i alle driftsdøgn. Støygrensene gjeld all støy frå verksemda sine ordinære aktivitetar, inkludert intern transport på verksemdområdet og lossing/lasting av råvarer og produkt. Støy frå bygg- og anleggsaktivitet og frå ordinær persontransport av verksemda sine tilsette er ikkje omfatta av grensene.

⁷ Jf ureiningsforskrifta kapittel 2 om opprydning i ureina grunn ved bygge- og gravearbeider og ureiningsforskrifta kapittel 21.

Støygrensene gjeld ikkje for bygning av nemnde typar, eller bruksendring av bygning til nemnde typar, som er etablert etter at verksemda starta opp. Støygrensene gjeld heller ikkje for bygning av nemnde typar som er eigd eller på annan måte disponert av nokon som har direkte økonomisk interesse i verksemda.

6.2. Dokumentasjon på støynivå

Det er ikkje venta at verksemda vil sleppe ut støy over tillatne grenseverdier. Verksemda pliktar å dokumentere støynivåa dersom det vert gitt nærare krav frå Fylkesmannen.

7. Kjemikal

For kjemikal som vert nytta på ein slik måte at det kan medføre fare for ureining, skal verksemda dokumentere at den har gjennomført ei vurdering av helse- og miljøegenskapane til kjemikalia på bakgrunn av testing eller annan relevant dokumentasjon, jf. også regelverket om internkontroll.

Verksemda skal ha eit dokumentert system som jamleg vurderer utskifting av helse- og miljøskadelege kjemikal med mindre skadelege kjemikal (substitusjon)⁸. Det skal vere ei oppdatert vurdering av faren for skadelege effektar på helse og miljø som kan skuldast dei kjemikal som vert nytta, og av om alternativ finst. Skadelege effektar knytt til produksjon, bruk og endeleg disponering av produktet, skal vurderast. Der det finst mindre skadelege alternativ, pliktar verksemda å nytte desse så langt dette kan skje utan urimeleg kostnad eller ulempe.

Stoff aleine, i stoffblandingar og/eller i produkt, skal ikkje framstillast, bringast i omsetting, eller brukast utan at dei er i samsvar med krava i REACH-regelverket⁹ og andre regelverk som gjeld for kjemikal.

Verksemda skal unngå å bruke produkt der sikkerhetsdatabladet har manglande opplysningar i seksjon 12 (økologiske opplysningar), 13 (disponering) og 15 (tilvising til norsk regelverk).

8. Avfall

8.1. Generelle krav

Verksemda pliktar så langt det er mogeleg, med best tilgjengeleg teknologi og utan urimelege kostnader eller ulemper, å unngå at det vert danna avfall som følgje av drifta. Innhaldet av skadelege stoff i avfallet skal avgrensast mest mogeleg.

All handtering av avfall skal skje i samsvar med gjeldande reglar fastsett i eller i medhald av ureiningslova, slik som avfallsforskrifta¹⁰.

Avfall som oppstår i verksemda skal søkast gjenbrukt i eigen eller andre verksemder sin produksjon. Avfall som ikkje kan gjenbrukast skal førebust for materialgjenvinning. Brennbart avfall som ikkje praktisk kan førebust for gjenvinning skal søkast nytta til energiproduksjon.

⁸ Jf. § 3a i lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrollloven) av 11. juni 1976 nr. 79.

⁹ Forskrift om registrering, vurdering, godkjenning og begrensing av kjemikalier (REACH) av 30. mai 2008 nr. 516.

¹⁰ Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskriften) av 1. juni 2004 nr. 930

Lagring av avfall skal skje på særskild avsett område. Lagring av farleg avfall skal skje under tak og lageret skal vere sikra mot tilgjenge frå uvedkomande. Lagertankar for flytande avfall er omtalt i pkt 2.7.

Verksemda må kunne dokumentere at avfall vert levert til/henta av godkjent mottakar. Avfallstypar skal vere varig merkt. Farleg avfall skal ikkje blandast saman med anna avfall. Farleg avfall skal leverast til/hentast av godkjent farleg avfallsaktør minst ein gong årleg.

Brenning av avfall er ikkje tillate utan at det skjer i forbrenningsomn med særskild løyve frå Fylkesmannen eller Miljødirektoratet.

Det er ikkje tillate å dumpe avfall i sjøen.

8.2. Organisk produksjonsavfall

Oppsamla organisk produksjonsavfall som ikkje inneheld antibiotika skal så langt mogeleg utnyttast som ein ressurs (fôrprodukt, gjødsel/jordforbetringsprodukt m.m.), og skal handsamast i høve til gjeldande regelverk¹¹ på området. Eventuelt antibiotikahaldig organisk produksjonsavfall skal lagrast i eige lager med tilstrekkeleg kapasitet.

Organisk produksjonsavfall som død fisk, fôrrestar, m.v. skal handterast på ein slik måte at det ikkje oppstår fare for ureining. Anlegget skal ha beredskap for å kunne handtere større mengder produksjonsavfall som følgje av uhell som t.d. driftsstans på utstyr, sjukdom eller anna.

Oppsamla død fisk skal konserverast omgåande ved ensilering, frysing, e.l. og førast til eige lager. Død stamfisk skal kvernast ved ev. ensilering.

8.3. Medisin og kjemikalrestar

Unyttaste restar av medisin, antibiotika, insekticid og andre miljøfarlege stoff, inkludert emballasje, må samlast og lagrast forsvarleg før det blir levert til produsent eller annan godkjent mottakar. Det same gjeld eventuelle oppsamla antibiotikahaldige fôrrestar eller slam.

9. Beredskap mot akutt ureining

Verksemda skal, på bakgrunn av miljørisikoanalysen og dei risikoreduserande tiltaka som er sett i verk, etablere og vedlikehalde ein beredskap for å hindre, oppdage eller stanse akutt ureining, forsøpling eller skjemmaende forhold. Beredskapen skal vere tilpassa den miljørisikoen som verksemda til ei kvar tid representerer, og skal også omfatte utstyr til å fjerne og avgrense omfanget og skadane og ulempene som kan skje. Beredskapen mot akutt ureining skal øvast minst ein gang pr. år.

10. Miljøtilstand og overvaking av resipienten

10.1 Krav til miljøtilstand

Verksemda skal kontinuerleg ha oppdatert kunnskap om miljøpåverknaden frå eigen aktivitet og oversikt over viktige miljøressursar (sjå vedlegg 2) i nærleiken som drifta ved anlegget kan påverke.

¹¹ Forskrift om animalske biprodukter som ikke er beregnet på konsum av 27. oktober 2007 nr 1254, forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav av 4. juli 2003 nr. 951, og anna relevant regelverk.

Utslepp frå anlegget skal ikkje føre til at vedtekne miljømål for vassførekomsten ikkje let seg gjere å oppnå, eller at miljøtilstanden vert redusert, jf. vassforskrifta¹² og tilhøyrande klassifiseringsrettleiars¹³ for miljøtilstand.

Utslepp frå anlegget skal ikkje føre til at gravande dyr ikkje kan eksistere ved eller i nærsona til utsleppsstaden for avløpsvatnet. Utslepp skal heller ikkje gje nemnande reduksjon i naturmangfaldet i nærleiken av anlegget. I sedimenteringsområde for utslepp frå anlegget skal miljøtilstanden over tid ikkje vere dårlegare enn klasse II «god» (jf. klassifiseringsrettleiaren for miljøtilstand) når det gjeld djupvatn, blautbotnfauna og sediment, og den skal ikkje ha ei negativ utvikling.

Overflatevatnet sin miljøtilstand i influensområdet skal om sommaren ikkje vere dårlegare enn naturtilstandsklassa for området.

Strandsona i nærområda til anlegget skal ikkje vere synleg påverka av utslepp eller anna ureining frå anlegget.

10.2 Krav til overvaking

Verksemda skal syte for overvaking av effektar av utsleppa til sjø etter eit risikobasert overvakingsprogram. Miljøovervakinga skal i størst mogeleg grad skje i samsvar med nasjonale standardar, føringar i vassforskrifta og rettleiaren for klassifisering av miljøtilstanden i vatn.

Prøvetaking, analysar og fagleg vurdering skal gjennomførast av kvalifiserte og uavhengige organ, desse skal også så langt mogeleg vere akkreditert for oppgåva.

Verksemda kan etter særskild vedtak bli pålagt å gjennomføre meir omfattande granskingar eller overvaking, dersom Fylkesmannen finn dette naudsynt for å kartlegge anlegget sin ureiningseffekt på resipienten, jf. ureiningslova § 51. Verksemda kan også eventuelt bli pålagt å betale for ein høveleg del av kostnadene ved ei felles resipientgransking (enkeltstående eller vedvarande program) i lag med andre som har utslepp i området.

10.3 Rapportering til Fylkesmannen

Resultat av overvaking av miljøtilstanden i resipienten skal rapporterast elektronisk til Fylkesmannen så snart som mogeleg etter at miljøgranskingar er utført.

Data frå overvaking i vatn, inkludert strandsona, sediment og biota, som er relevante for Fylkesmannen sitt arbeid med å klassifisere miljøtilstand, skal registrerast i databasen Vannmiljø. Data skal leverast på Vannmiljø sitt importformat, som finst på <http://vanmiljokoder.klif.no/>. Her finn ein også oversikt over kva for informasjon som skal registrerast i samsvar med Vannmiljø sitt kodeverk.

11. Tilsyn

Verksemda pliktar å la representantar for miljøstyresmaktene eller den som desse gir fullmakt, få inspisere anlegget til ei kvar tid.

¹² Forskrift om rammer for vannforvaltningen (vannforskriften) av 15.12.2006, nr 1446

¹³ Direktoratgruppen for Vanddirektivet, 2013: Veileder 02:2013 *Klassifisering av miljøtilstand i vann*, eller seinare utgåve

12. Større endringar

12.1. Endringar og utskifting av utstyr

Dersom det skal gjerast endringar i drifta som medfører utskifting av utstyr, teknologi eller installasjonar som gjer det teknisk mogeleg å motverke ureining på ein vesentleg betre måte enn då løyvet vart gitt, skal Fylkesmannen på førehand ha melding om dette.

Ved slike endringar skal beste tilgjengelege teknikkar nyttast med sikte på å motverke ureining.

12.2. Eigarskifte

Løyvet kan ikkje overdragast til andre utan samtykke frå Fylkesmannen. Ny eigar kan ikkje starte opp aktivitet som kan medføre fare for ureining eller kunne verke skjemmande utan avklaring med Fylkesmannen.

12.3. Nedlegging eller lengre driftstans

Dersom anlegget vert nedlagt eller ikkje skal ha produksjon på meir enn 3 månader, skal den ansvarlege melde frå til Fylkesmannen. Den ansvarlege er den eller dei verksemdene som har hatt aktivitet ved anlegget, eigar av anlegget eller brukar av anlegget. Fylkesmannen vil ved behov rette krav mot den vi vurderer som primært ansvarleg. Ved eventuelt fleire ansvarlege, må dei avtale ansvarsforhold etter privatrettslege avtalar.

Den ansvarlege skal gjere det som til ei kvar tid er nødvendig for å motverke fare for ureining. Dersom noko ved anlegget kan medføre ureining eller det er avfall som kan verke skjemmande etter driftstans, skal det opplysast særskild.

Fylkesmannen kan fastsetje nærare kva for tiltak som er nødvendig for å motverke ureining og å rydde opp i avfall. Fylkesmannen kan pålegge den ansvarlege å stille garanti for dekking av framtidige utgifter og mogeleg erstatningsansvar.

Ved nedlegging eller stans skal den ansvarlege sørge for at fisk, kjemikal, produksjonsutstyr og avfall vert teke hand om på forsvarleg måte, mellom anna skal farleg avfall handterast i samsvar med gjeldande forskrift¹⁴. Dei tiltaka som vert gjennomførte i slike høve, skal rapporterast til Fylkesmannen innan 3 månader etter nedlegginga eller stans. Rapporten skal også innehalde dokumentasjon av disponeringa av kjemikalierestar og ubrukte kjemikal og namn på eventuell kjøpar/ar.

¹⁴ Avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall

VEDLEGG 1**Liste over prioriterte stoff, jf. punkt 2.1.**

Utslepp av disse komponentane er berre tillate dersom dette går tydeleg fram av vilkåra eller dei er så små at dei må sjåast på som uvesentlege for miljøet.

Metall og metallsambindingar:

	Forkortingar
Arsen og arsensambindingar	As og As-sambindingar
Bly og blyambindingar	Pb og Pb-sambindingar
Kadmium og kadmiumsambindingar	Cd og Cd-sambindingar
Krom og kromsambindingar	Cr og Cr-sambindingar
Kvikksølv og kvikksølvambindingar	Hg og Hg-sambindingar

Organiske sambindingar:

	Vanlege forkortingar
Bromerte flammehemmere:	
Penta-bromdifenyleter (difenyleter, pentabromderivat)	Penta-BDE
Okta-bromdifenyleter (defenyleter, oktabromderivat)	Okta-BDE, octa-BDE
Deka-bromdifenyleter (bis(pentabromfenyl)eter)	Deka-BDE, deca-BDE
Heksabromcycloodekan	HBCDD
Tetrabrombisfenol A (2,2',6,6'-tetrabromo-4,4'-isopropyliden difenol)	TBBPA
Klorholdige organiske forbindelser	
1,2-Dikloreten	EDC
Klorerte dioksiner og furaner	Dioksiner, PCDD/PCDF
Heksaklorbenzen	HCB
Kortkjedete klorparafiner C ₁₀ -C ₁₃ (kloralkaner C ₁₀ -C ₁₃)	SCCP
Mellomkjedete klorparafiner C ₁₄ -C ₁₇ (kloralkaner C ₁₄ -C ₁₇)	MCCP
Klorerte alkylbenzener	KAB
Pentaklorfenol	PCF, PCP
Polyklorerte bifenyler	PCB
Tensidene:	
Ditalg-dimetylammoniumklorid	DTDMAC
Dimetyldioktadekylammoniumklorid	DSDMAC
Di(hydrogenert talg)dimetylammoniumklorid	DHTMAC
Triklorbenzen	TCB
Tetrakloreten	PER
Triklorbenzen	TRI
Trikloran (2,4,4'-Trichloro-2'-hydroxydiphenyl ether)	
Nitromuskforbindelser:	
Muskxylen	
Alkylfenoler og alkylfenoletoksylater:	
Nonylfenol og nonylfenoletoksylater	NF, NP, NFE, NPE
Oktylfenol og oktylfenoletoksylater	OF, OP, OFE, OPE
Dodecylfenol m. isomerer	
2,4,6-tri-tert-butylfenol	
Polyfluorerte organiske forbindelser (PFCs)	
Perfluoroktansulfonat (PFOS) og forbindelser som inneholder PFOS	PFOS, PFOS-relaterte forbindelser
Perfluoroktansyre (PFOA)	
Tinnorganiske forbindelser:	
Tributyltinn	TBT
Trifenyltinn	TFT, TPT
Polysykliske aromatiske hydrokarboner	PAH
Dietylheksylftalat (bis(2-etylheksyl)ftalat)	DEHP
Bisfenol A	BPA
Dekametylsyklopentasiloksan	D5

VEDLEGG 2

Definisjonar

- Med **miljøressursar** som omtalt i vilkår 2.5 og 10.1 meiner vi naturvernområde, naturtypar eller friluftsområde (registrerte i Naturbasen eller andre offentlege verkty) eller plante- og dyreartar (registrerte i Artskart) med sine leveområde.

<http://www.miljodirektoratet.no/no/Tjenester-og-verktoy/Database/Naturbase/>

<http://artskart.artsdatabanken.no/default.aspx>

- Med **skadedyr** i vilkår 2.7 meiner vi både artar som kan vere naturleg utbreidd eller som kan ha kome til som følge av aktiviteten ved verksemda eller annan aktivitet i tilknytning til verksemda. Dersom tal individ med eit skadepotensial aukar eller det er fare for at tal individ aukar, må tiltak vurderast / eventuelt setjast i verk.
- Med **framande artar** i vilkår 2.7 legg vi til grunn IUCN sin definisjon: "Framande artar er artar, underartar eller lågare taxa som har fått menneske til å hjelpe seg med å spreie seg utanfor sitt naturlege utbreiingsområde og spreingspotensial."

Dei omtalte risikokategoriene er svært høg (SE), høg (HI) og potensielt høg (PH). Kva for artar dette gjeld vil liggje føre oppdatert på www.artsdatabanken.no.

- **Støy**, jf. vilkår 6:
 - L_{den} er A-vegd ekvivalent støynivå for dag-kveld-natt (day-evening-night) med 10 dB/ 5 dB skjerping på natt / kveld. Tida i dei ulike periodane er dag: 07-19, kveld: 19-23 og natt: 23-07. L_{den} er nærare omtalt i T-1442 og definert i rammedirektivet for støy (2002/49).
NB! midlingstid for L_{den} -nivået her gjeld for dag, kveld og natt for det døgnet med høgast støyemisjon ved normal drift.
<http://www.miljodirektoratet.no/no/Publikasjoner/2014/Februar-2014/Veileder-til-retningslinje-for-behandling-av-stoy-i-arealplanlegging-T-14422012/>
<http://eur-lex.europa.eu/legal-content/EN/TXT/?uri=CELEX:32002L0049>
 - $L_{evening}$ er A-vegd ekvivalentnivå for perioden på 4 timar mellom kl. 1900 og 2300. NB! midlingstid for $L_{evening}$ -nivået her gjeld for dag, kveld og natt for det døgnet med høgast støyemisjon ved normal drift.
 - L_{night} er A-vegd ekvivalentnivå for perioden på 8 timar natt i mellom kl. 2300 og 0700. NB! midlingstid for L_{night} -nivået her gjeld for dag, kveld og natt for det døgnet med høgast støyemisjon ved normal drift. For nattperioden skal støyen midlast over faktisk driftstid, inntil 8 timar.
 - L_{AFmax} er A-vegd maksimalnivå for dei 5 – 10 mest støyande hendingane innafor perioden, målt/utrekna med tidskonstant "fast" på 125 ms.
 - Med **immisjon av støy** meiner vi eit mål på støybelastning (innfallande lydtrykknivå) på eit punkt ut frå direkte måling og utrekning etter emmisjonsdata (måling ved støykjelda).
 - **Lydeffektnivå (LWA)** er A-vegd lydenergi frå støyande gjenstand/aktivitet.
- Med **kjemikal** i vilkår 7 meiner ein her kjemiske stoff og stoffblandingar som vert brukt i verksemda. Døme på slike kjemikal er vaskemiddel, legemiddel, hydraulikkvæsker, brannhindrande middel, groehindrande middel, m.m.



Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Sakshandsamar: Gunn Helen Henne
Telefon: 57643140
E-post: fmsfghe@fylkesmannen.no

Vår dato
19.01.2017
Dykkar dato
15.04.2016

Vår referanse
2015/4542- 542.1
Dykkar referanse

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2
6863 Leikanger

Fråsegn til søknad om landbasert akvakulturanlegg på lok. Sætre i Gulen kommune - Sogn Aqua Juveniles AS

Fylkesmannen vurderer at etablering av eit stamfisk- og kveiteyngelanlegg på land ved Sætre, ikkje er spesielt konfliktfylt med omsyn til naturmiljø og friluftsliv.

Vi viser til søknad frå Sogn Aqua Juveniles AS dagsett den 25.11.2015, oversend frå Sogn og Fjordane fylkeskommune den 23.12.2015, og seinare komplettert med kommunen si fråsegn den 15.04.2016. Vi er lei for at det har teke lang tid å handsame søknaden.

Bakgrunn

Det har tidlegare vore ein lokalitet for matfiskproduksjon i sjøen ved Sætre, men denne har ikkje vore i drift på mange år, og lokaliteten er i dag sletta frå Akvakulturregisteret.

Denne søknaden gjeld landbasert akvakulturproduksjon med stamfisk og yngel av kveite. Sogn Aqua Juveniles AS har søkt om å få etablere eit nytt landbasert akvakulturanlegg ved Sætre, som årleg skal produsere 2,5 millionar 2-5 grams yngel. I tillegg skal anlegget ha inntil 200 stk. stamfisk. Anlegget vert eit etter måten lite anlegg målt i biomasseproduksjon, samanlikna med andre settefiskanlegg og landbaserte akvakulturanlegg i fylket. All aktivitet ved anlegget vert innandørs. Ferdig utbygd vil anlegget ligge delvis på utsprengt og planert område på land, og på utfylt areal i sjø.

Området er avsett til akvakultur i arealdelen til kommuneplanen for Gulen kommune.

Fylkesmannen skal vurdere om tiltaket får konsekvensar for naturmiljø og friluftsliv. Vi legg vekt på prinsipp og føringar frå naturmangfaldlova, vassforskrifta m.fl. Fylkesmannen har vidare mynde etter ureiningslova, og handsamar saka etter ureiningslova i eit eige skriv.

Vurderingar

Fylkesmannen har vurdert konfliktpotensialet mellom akvakultur og naturmiljø/friluftsliv ved Sætre tidlegare, i tida med matfiskproduksjon (1992), og ved ein seinare søknad om å etablere landanlegg for lysing på staden (2007). Ved begge høve har vi konkludert med at konfliktnivået var lågt.

Utsleppa går til vassførekomst Risnefjorden (ID-nr. 0280020200-C i Vann-Nett¹), som er karakterisert som ein ferskvasspåverka beskytta fjordvassførekomst. Ei samla tilstandsvurdering av Risnefjorden ut frå kjende påverknader og resipientdata, tyder på ein antatt god miljøtilstand i

¹ <http://vann-nett.no/saksbehandler/>, søk på ID-nr eller namn.

vassførekomsten sett under eitt. Risnefjorden er ikkje sett i risiko for at miljømåla etter vassforskrifta ikkje vert nådd i første planfase (2016-2021).

Det er ikkje registrert spesielle naturverdiar på anleggsområdet eller ved utsleppspunktet og nærområda i sjøen, så vidt Fylkesmannen kjenner til. Karttenestene Fylkesatlas, Vann-Nett og Naturbase viser ikkje noko særskilt som etableringa kan ventast å påverke. Det må likevel nemnast at marint naturmangfald og marine naturtypar er generelt dårlegare kartlagt enn tilsvarande naturverdiar på land.

Sognefjorden med sidearmar er ein mogleg kandidat for marint vern, men etablering av det omsøkte anlegget ved Sætre vert ikkje vurdert til å komme i nemnande konflikt med desse verneverdiane.

Konklusjon

Fylkesmannen vurderer at etablering av eit stamfisk- og kveiteyngelanlegg på land ved Sætre, ikkje er spesielt konfliktfylt med omsyn til naturmiljø og friluftsliv.

Med helsing

John Anton Gladsø
seniorrådgjevar

Gunn Helen Henne
senioringeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Kopi til:

Sogn Aqua Juveniles AS (e-post)

Gulen kommune (EDU)

Fiskeridirektoratet, Region vest (e-post)

Mattilsynet, avd. Bergen og omland (e-post)

Miljødirektoratet (e-post)